



Frøydis Nilsen og Marcus på fire var to av bøsseberarane i Uskedalen under TV-aksjonen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rodeleiar i Uskedalen for TV-aksjonen "Sammen for barn" søndag ettermiddag, Kjell Yri, kjem med ein kraftig og inderlig appell fem dagar før aksjonen: Meld deg som bøsseberar til telefon 48 89 31 50! Rundgangen med bøssene er frå klokka 15 til 17, medan TV-sendinga har starta klokka 14.

Yri treng 14 som kan delta, men har berre to! I fjor var det 12, men det var ein for lite slik at innsamlinga vart forseinka. Difor er ynskjemålet 14 dette året.

Hvis "bøssekorps" kjem på plass har Yri som naturleg mål at fjorårsresultatet skal bli slege. Det enda på 36.000 kroner – altså rundt rekna 36 kroner på kvar uskedeling - og var ein klar auke frå året før. Då vart det sett rekord på landsbasis – med 206 millionar kroner.

- Kva med konfirmantane og idrettslaget, dei bør kunne ta eit tak, undrar Kjell, som også tykkjer at dette er ei fin og meiningsfylt oppgåve for barn og vaksne i samspel.

Å hjelpa andre på denne måten gjev ei god kjensle samstundes som ein får sundagsmosjonen sin. Dette er årets viktigaste sundagstur!

TV-aksjonen 2007 er gjeve til UNICEF Norge. Medan inntektene i fjor gjekk til "Leger uten grenser" går de i år til barn som er ramma av hiv/aids i Mosambik, Malawi, Zimbabwe, Zambia, Uganda, Ukraina, Jamaica og Vietnam. Prosjekta det gjeld skal forhindra hiv-smitte frå mor til barn, auka medisineringa av barn, forebyggja smitte blant barn og unge og gje omsorg til foreldreause og sårbare barn.

Kvar einaste dag mister 6.000 barn foreldra sine og 1.400 barn døyr av aids. Barna er ikkje nødvendigvis sjuke eller smitta sjølv, men lever i lokalsamfunn der aids har sett djupe spor, Dei vaksne fell frå eller blir ute av stand til å forsørga seg og sine. Støtteapparat finst ikkje og millionar av barn må klara seg åleine utan tilsyn av vaksne.

"Sammen for barn" handlar altså om noko mykje meir enn akutt naudhjelp og hjelp til å overleva, Aksjonen vil også bidra til å skapa nettverk for barn og unge og gje liv og livsglede.

Vil du vera med på den oppgåva?

Av Ola Matti Mathisen



Kjell Yri ynskjer at 12 bøsseberarar meldar seg! (Foto: Ola Matti Mathisen)